



Slik ligg naustet tett på fylkesvegen

Justering av høgda på eit naust inntil fylkesvegen er no ei aktuell sak på Ytre Eik. Jakob Rongve frå Voss eig naustet og han ynskjer å heva høgda for å få plass til båt med overbygg. Han vil riva dagens takkonstruksjon, heva grunnmuren med 80 centimeter og setta på ny takkonstruksjon.

Naustet ligg på nersida av vegen. Det vert ingen endring av planløysinga og byggherren lovar å ta hensyn til omgjevnaden ved eit materialval som er i tråd med god byggjeskikk.

Bygget ligg ein meter frå vegkanten og minste avstand

frå nærmaste punkt på bygget til midten av vegen er 5 meter.
Bygget vert lite synleg
frå vegen og berører ikkje nokon frisiktsone.

Det er tidlegare inngått avtale med Statens vegvesen om å
setta opp eins gjerde mot alle eigedommane som går
inn under reguleringsplanen Ytre Eik.
Det gjeld 3 eigedommar.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen
Illustrasjon: Kommunen